

ÅRSMELDING FOR ETNE SOGELAG 2017

ÅRSMØTE 2017

Årsmøtet 2017 vart halde i kafeteriaen på Kulturhuset Skakke 1. februar. Leiar Dag Silde ønskte nær 70 medlemmer og andre interesserte velkomne. Eit interessant biletkåseri ved Karvel Strømme, om "Island, natur, kultur og søge". Sidan 1980 har han vore guide og reiseleiar for nordmenn til Island, med det målet å gjera nordmenn kjende med - og glade i - dette landet.

Det vart og vist video med utdrag av Sogespelet "Amerikafeber" frå 1987.

Etter at årsmelding, rekneskap og val av nye medlemmer var vedtatt, var det matøkt og drøs rundt borda.

Arbeid i styret

Styret har hatt 5 styremøte, i tillegg til nokre samlingar i samband med arrangement og aktivitetar. Eit aktivt år med god oppslutning av både små og store. Sæbøtunet har stått sentralt, etter opprustninga som Sunnhordaland Museum har gjennomført. Mykje er gjort og litt gjenstår i hovudløpa, i tillegg til omplassering og registrering av gjenstandar. SHM ønsker at innbyggjarane i Etne skal ta i bruk tunet og nytta det til opplæring og hyggelege arrangement. Skape liv til nytte og gagn på bygdetunet med dei sju bygningane, som har stått likeins i generasjonar.

Middelalderkyrkjene våre har vore oppe som sak på styremøte. Korleis nyttar og tar ein vare på desse historiske bygningane våre? I november var det bispevisitas i kommunen, der biskop Halvor Nordhaug roste kyrkjelyden for det gode arbeidet som vert gjort og gav nokre konkrete utfordringar å arbeide vidare med. Noko konkret er ikkje gjort frå sogelaget si side så langt, men er ei sak sogelaget vil følgja opp.

Utsendingar til årsmøtet i Hordaland Sogelag 4.- 5.mars på Os, var Jakob Eskeland og Aslaug Olden Mala. Jorunn Kambo var utsending frå Hordaland Sogelag.

Sogelaget har deltatt på Kulturnatt første helga i februar, med kulturvandring "rundt sjøen" – som tidlegare år.

Ruteåkle laga og gitt som gåve av Øyvind og Kirsten Holm, er hengt opp på stova hos Frivillighetssentralen på Bustadskipinga. Mønsteret er etter eit gamalt åkle frå Gjerde i Etne (kjøpt frå Gjerde i 1910) - Bergen Museum.

Sogelaget har motteke gåve frå Kåre Haugen og familie; eit stort måleri frå Etnesjøen anno ca. 1900-talet. Jan Terje Råfdal lagar ramme til måleriet.

Sæbøtunet har stått i fokus dette året. Etter oppfordring frå Sunnhordaland Museum om å ta i bruk tunet til opplæring og aktivitetar, har sogelaget deltatt på to vellukka arrangement. Først ut var Jonsokfeiring 23. juni. Her tok ein opp ein eldre tradisjon med jonsok-brud og -brudgom, børsta støv av den gamle krana som Etne Husmorlag laga og brukte i mange år. Stor stas for "brudeparet" og alle frammøtte, som gjekk frå Meieriplassen og opp til tunet. Trass i regn og ruskever møtte det opp ca.150 små og store. Offisiell gjenopning av nyrestaurert Etne Sæbøtun ved ordførar Siri Klokkestuen. Eventyrstund med Johanne Øvstebø Tvedten og teaterleikar ved Mathias Høyland. Bygningsvernkonsulent Bjørn Arve Lunde fotalde om restaureringa på tunet. Trekkspeltonar frå Etne trekkspelklubb laga stemning rundt bålet og tønnegrillen med pølser og pinnabrød.

Etnemarknaden gjekk dette året over tre dagar; fredag 11. august til søndag 13. august. Sogelaget hadde stand vis a vis Etne kommune i Idrettshallen. Sogelaget selde årbøker, bygdebøker, biletbøker, Ingvar Moe si nyoppretrykte bok m.m. Utstilling av gamle bilde og tilgang på mange bilde av god gamal årgang. Dette var svært populært, alltid kjekt å sjå om det er nokon ein kjenner. Svært god oppslutning på standen, trass i mindre publikum totalt på årets marknad. Sogelaget hadde konkurranse med ein gamal gjenstand og bilde med "kven er dette?" Kaffi og kaker fall i smak hos dei som var innom standen. Ståle Dyrvik vitja Etne og hadde møte med bygdeboknemda, om eventuelt vidare arbeid med bygdebøkene for Etne.

Busstur, med Knapphus buss tysdag 26. september, var eit svært vellukka arrangement. Turen gjekk til Hardanger med 52 personar om bord. Turen gjekk først til Alde Sider, Agatunet etterfølgd av lunsj på Utne Hotel og avslutta på Hardanger Folkemuseum på Utne. Ein fantastisk flott og gild tur var omdømet frå deltakarane.

Førjulsdag "Før og Nå" på Sæbøtunet 14. november. I samarbeid med Etne-speidarane, som stilte med kaffilars og pinnabrød, dramagruppa på Enge skule ved Elen Merete Hetleflåt Ramsvik og Torbjørn Reisa, med fullsett forteljarskut i to omganger. Litledalen lysstøyper med "støyp ditt eige lys", hedlebakst med Endre og Tine Tjelmeland i eldhuset, gløgg, fletta julekorgar med søstrene Heggen Mæland, var og stor stas, pluss fleire salsboder. Med musikk frå skulekorpset, vart det over all forventning ei oppleving med førjuls-stemning – før og nå i tussmørkret, tende lyfter rundt om på tunet gjorde sitt til at dei ca. 150 frammøtte fekk ei annleis førjuls-stemning frå "gamle dagar". Nokre var også utkledd i gamle klede. Sjølv sagt dukka fjosnissen opp – til stor glede og spenning for dei minste. Sjølv i 2017 er det interesse for å lære og sjå korleis folk levde, og kanskje ta opp igjen nokre av dei tradisjonane som vart brukte langt tilbake i tid. Noko av det kan vera nyttig i dag også, sjølv om utviklinga har vore stor. Kanskje den barnslige gleda og forventningane med førjulstida er noko ein absolutt kan ta seg tid til i 2017 også.

Årboka

Den 34. utgåva av årboka vart pakka og distribuerte til medlemmer og utsalsstader før jul. Medlemskap og årbok kr. 225,-

Styret i Etne Sogelag 2017

X Aslaug Olden Mala	- Leiar	<i>Alfred</i>
Jakob Eskeland	- Nestleiar	
Anne-Britt Grindheim	- Skrivar	<i>Alfred</i>
Johannes Kambo	- Kasserar	<i>Ole Mehl</i>
Ole Ragnar Gundegjerde	- Styremedlem	
Liv Tesdal Mjelde	- Vararepresentant	

Anne-Britt Grindheim,
skrivar

Rekneskap for Etne sogelag 2017.

Inntekter:		Utgifter:	
Medlemspenger	55.110,-	Trykking av årbok(2år)	104.656,08
Lysingar i årbok	15.908,50	Kontorutg.	8.467,
Årbøker	48.860,-	Møte, kurs	24.741,87
Andre bøker	3.500,-	Diverse utg.	37.601,10
Tilskot	9.000,-		
Overf. Etne museum	43.001,18		
Tur	3.200,-		
Renter	844,-		
Overskot			3.957,63
Sum	179.423,68	Sum	179.423,68

Balanse 3112-2017.

Etne Sparebank, høgrentekonto	268.185,50
Etne Sparebank, brukskonto	70.494,29
Etne Sparebank, museumskonto	43.002,18

Revidert, 2002-2018.

Thorbjørn Jacobsen

Gunnar Løhaugen

Håkon Reiersen

til Etne sogelag

Etne sogelag har fått førsteamanuensis Håkon Reiersen ved Arkeologisk museum i Stavanger til årsmøtet i Etne sogelag på Skakke måndag 26. februar.

Til dagleg arbeider Reiersen med forvaltning av arkeologiske gjenstandar frå Rogaland. Reiersen voks opp på Kvalvåg inst i Ålfjorden i Sveio. Utdanninga i arkeologi har han frå Universitetet i Bergen, med masteravhandling om Avaldsnes i 2009 og doktorgrad frå 2017 om vestnorske maktsenter i eldre jernalder. Her er Etne ei av tolv rike bygder som er analyserte.

Etne - viktig maktsenter

I førelesinga vil Håkon Reiersen ta for seg Etne si sentrale rolle som maktsenter i regionen. I Etne sogelag si årbok for 2017, skildrar han denne epoken i norsk historie. Han viser til at det arkeologiske kjeldematerialet peikar mot at Etne har vore eit viktig maktsenter i yngre romartid og folkevandringstid. Her var både politisk, militær og rituell makt samla. Mange offerfunn, med høvesvis gullbrakteatar (gamle myntar) og sverdbeslag av gull, vitnar om at Etne var det viktigaste maktsenteret i Sunnhordland. Dette kan indikera at personar frå Etne har reist ut i verda og teke med seg impulsar attende for å gjera heimbygda til ein viktig stad, skriv Reiersen.

Song og matøkt

Etter ei historisk vandring tilbake til Etne i oldtida, blir det song og musikk av ungdoms-skuleelevane Solfrid Hetleflåt Bråthen, Mathias Håland, Hauk Hamre Hagen og Kristin Hovda. Dei har lyst til å syngja "Let her go" av Passenger til forsamlinga.

I tillegg til vanlege årsmøtesaker, blir det også matøkt og tid til litt drøs rundt borda. Alle er hjarteleg velkomne til ein historisk sogekveld!

Etne sogelag

Foto: (Arve/annonse)

Håkon Reiersen skal snakka om Etne si sentrale rolle i eldre jernalder.